


May er redd. Kva har ho sett i gong? Berre ei lita melding til ei veninne! Som veninna har sendt vidare til venene sine. Og så har dei sendt ho vidare til venene sine. Og mange har sendt ho til kvarandre. No fer meldinga rundt i lufta frå den eine mobilen til den andre i rasande fart. HJELP! May vil stoppa dette, men ho klarer det ikkje. Å nei!! Tenk om Lise får vita det. Tenk om ho får vita at May sende ei slik fæl melding. Lise vil gråta og blir heilt fortvila. Olle kjem til å bli rasande. Og kva med dei andre venene? Dei



kjem heilt sikkert til å seia at May er ein dårleg ven som sladrar og sender ut slemme meldingar.

Den kvelden får ikkje May sova. Ho ligg i senga og tenkjer på alle meldingane som fer rundt frå den eine til den andre. Kan hende har ein sms nådd fram til Lise òg! Å nei, det må ikkje skje!

Og May som skal på tur i morgon, med Alex og gjengen. Kan hende ho ikkje har nokon gjeng lenger, forresten. Kan hende alle hatar ho i morgon.